



Fylkesveg 48 er omskilta til Fylkesveg 500.

Med bakgrunn i kommune-og regionsreforma skal vegane få nye og unike vegnummer. I Kvinnherad er Uskedalen, saman med Sundal, fyrst ute med nye nummer. Fylkesveg 48 er delvis omskilta til Fylkesveg 500. Skiltarbeidet var rekna å vera ferdig i 2020, men det held ikkje. Overgangen til Vestland fylke gjer at ein også må finna pengar til nye skilt.

Kvinnheringen skriv tysdag 7. juli at noverande skilting langs fylkesvegen har skapt forvirring. Ulike vegnummer er ikkje koordinert med kart og GPS og særleg i sørre deler av Kvinnherad kan ein oppleve fire ulike vegnummer.

I Uskedalen er nokre nye skilt på plass, mellom anna på Fitjaflatene. Derimot syner skiltet ovom Eikelandet Brygge framleis Fv 48. Fylkesveg 500 går gjennom Kvinnherad. Det er enkelt å hugsa og for ein gong skuld er Uskedalen og Mauranger fremst i køen og begge bygdene er synlege med sine nye skilt.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal